



Trond Klas og Kåre Audun fekk etterkvart opp dampen i Dønhaugkjedlaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein musikkagent busett på Husnes og ein fiskar busett på Smøla, men begge fødd og oppvakse på Smøla, laga ein triveleg førjulskveld for vel 30 tilhøyrarar i Dønhaugkjedlaren laurdag.

Begge har musikk i blodet og har musisert saman landet rundt i mange år. Det var også innom Dønhaugkjedlaren i fjor. Men etter at Trond Klas Bretten gjorde kvinnhering av seg for tre år sidan vart det så langt mellom han og Kåre Audun Holm at Tex Willer Band naturleg nok ikkje opptrer så ofte. Men det skjer altså av og til – til glede for mange.

Begge spelar akustisk gitar og syng og repertoaret er stort – frå Stones, Cash og Dylan til Big Bang og Waterboys, for å nemna nokre av favorittane deira.

Det tok litt tid før gutane fekk dampen skikkeleg opp på Dønhaug, men etterkvart fekk dei vist kva dei kan og stemninga steig. Og best var dei kanskje då dei song norsk!

Det er tydeleg at dei trivs saman og framleis har mykje å gje sjølv om dei snart kan kallast veteranar. Til dømes har Trond mange år bak seg som gitarist i den bergensbaserte rockegruppa Novo Caine.

No har Magne Huglen noko spanande på lur for romjula. Vi gler oss!

Av Ola Matti Mathisen